

Vedtekne i Voss kommunestyre 23.08.1979
Endra i kommunestyret 25.08.1988 og 30.05.1991
Endra av kommunestyret 19.02.2004

**FORSKRIFT FOR BRUK AV MOTORFARTØY PÅ VASSDRAG
OG FOR LANDING OG START MED LUFTFARTØY I UTMARK OG VASSDRAG
I VOSS KOMMUNE, HORDALAND.**

Forskriftene er gitt med medhald av § 5 og 6 i "Lov om motorferdsle i utmark og vassdrag" av 10. juni 1977, nr. 82.

1. Med heimel i § 4, tredje ledd i lova vert det sett eit generelt forbod mot å nytta større motor enn 7 HK (4 takts motor; opptil 10 HK) på motorfartøy som skal nyttast på vassdrag i Voss. På vatn mindre enn 2 kv.km er bruk av motorfartøy ikkje tilatt.
2. Med heimel i § 4, tredje ledd i lova vert det sett forbod mot ferdsle med motorfartøy i Melsvatnet, Lønavatnet og elva mellom desse.
3. For Vangsvatnet er det utarbeida soner for ulike brukargrupper (jf. kart, datert 19.02.2004). Med heimel i § 4, tredje ledd i lova kan det gjevast løyve til bruk av motorfartøy over 7 HK i sone 1. I sone 2 er det ikkje tillatt å nytta større motor enn 7 HK (opptil 10 HK ved 4 takts motor)
4. Med heimel § 5a i lova vert det gjeve løyve til landing og start med luftfartøy på Oppheimsvatnet og deler av Vangsvatnet (jf. soneinndeling). I Vangsvatnet er landing og start med luftfartøy er kun tillatt i sone 1.
5. I medhald av § 6 i lova kan det gjevast løyve etter søknad. Avgjerdsmynde i kurante saker vert lagt til rådmannen. Andre saker skal leggjast fram for utval for miljø- og kultur (MKU).